



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Dykkar ref.:

Vår ref.:
FRAKNU -

Arkiv:

Vår dato:

Heggenes og Tingvang i sentrum. Invitasjon til framtidsverkstad

Med dette er du, to kveldar på rad, invitert til framtidsverkstad for utvikling av kommunesenteret i Øystre Slidre

Stad: *Kantina på ungdomsskulen*

Tid: *Onsdag 12. februar kl. 18:30-21:30 og*

Torsdag 13. februar kl. 18:00-21:00



Arrangør:

Norconsult på vegne av Øystre Slidre kommune

Sentralbord:
61 35 25 00

Dir. telefon:
61352582

Org.nr:
961382068

E-mail:
knut.frode.framstad@oystre-
slidre.kommune.no

Heimeside:
www.oystre-slidre.kommune.no

Øystre Slidre kommune går godt. Folketalet aukar og aktiviteten er god. Heggenes og Tingvang har det meste: Mange arbeidsplassar, helsetenester, idrettsanlegg, ungdomshus, bibliotek, kulturhendingar, butikkar og verkstader, gang- og sykkelveg, flott natur og flotte nærturområde, sandstrand og stupetårn. - Og snart eit flunkande nytt omsorgssenter midt i sentrum. For å nemne noko.

Likevel ser vi at kommunesenteret ikkje har fått sin del av veksten men tvert imot er litt prega av «forgubbing» og stagnasjon.

Kommunen har teke initiativ til ei moglegheitsstudie for Heggenes og Tingvang og har engasjert Norconsult som har brei erfaring med liknande prosjekt.

Vi i kommuneadministrasjonen og politikarane har tankar om utfordringane og potensialet, men vi veit ikkje kva idear og tankar innbyggjarane elles, grunneigarane og næringslivet har. Difor blir opne møte viktige i prosessen og difor er du invitert til framtidswerkstad.

Møte onsdag 12.

I det første møtet vil fokuset vere på dykk deltakarar. De vil bli utfordra på å tenkje vidare enn Heggenes og Tingvang. Kva karakteriserer ein god plass å bu? Kva karakteriserer ein god plass å drive næring og aktivitet?

I neste bolk blir de utfordra på korleis vi kan overføre viktige element frå desse gode stadene til Heggenes og Tingvang. Kva meiner de er utfordringane for å få til noko tilsvarande i vårt lokalsamfunn? Kva ligg til rette og har potensiale for å kunne bli like attraktivt her?

Prosjekt med ungdomsrådet

Med tilsvarande fokus som i møtet den 12. blir ungdomsrådet utfordra på kva dei meiner karakteriserer ein god stad å bu og kva som bør vere på plass for at dei skal bu og trivast her også i vaksen alder.

Møte torsdag 13.

Her vil Norconsult gi ein kort presentasjon av det som kom fram i det første møtet og i prosjektet med ungdomsrådet. Dette følgjer dei opp med å presentere kva kommunen har meint og kartlagde suksessfaktorar frå andre tettstadar.

Så blir de engasjerte til å vere med på ein idedugnad eller «brainstorming» der realisme ikkje er så viktig. Konkrete, gjerne litt ville idear til tiltak og prosjekt i lokalsamfunnet. Ingenting er for smått og ingenting er for stort. Kan noko knyte Heggenes og Tingvang nærare saman?

I neste steg vil de bli utfordra på kva som er gjennomførleg. Kva bør prioriterast? Skal kommunen ta alt ansvaret eller ynskjer nokon av dykk å stå i bresjen for noko de brenn for?

Kva kommunen har meint

Kommunen henta inn tilbod til moglegheitsstudie frå fleire firma. I tilbodsinnhentinga skreiv vi ein del om kva vi meiner om området.

Ein artikkel om moglegheitsstudien med tilbodsinnhentinga finn du ved å gå inn på kommunens heimeside og søke «Heggenes 2020». Direkte lenke: <https://www.oystre-slidre.kommune.no/tjenester/plan-bygg-og-eigedom/finn-planar/studier-og-rapportar/moglegheitsstudie-for-heggenes-og-tingvang-2020.10748.aspx>

Kommuneadministrasjonen sine konkrete forslag finn du i kap. 6.1, 6.2 og 6.3.

Kven kjem?

Møta blir annonserte i avisa og på kommunens heimeside og er opne for alle. De som er sentrale næringsaktørar, grunneigarar, politikarar eller kontaktpersonar for lag og foreningar er spesielt inviterte gjennom dette brevet. Vi håpar de er mange som møter opp og bidreg til noko som kan gi konkrete resultat og kan bli viktig i økonomiplanar og kommuneplanar i mange år framover!

VEL MØTT!

Med helsing

Arne Kringlen og Cornelis Erstad
Norconsult

Inger Elisabeth Hilstad og Knut Frode Framstad
Øystre Slidre kommune